



Hans Olav Tungesvik (1936–2017) var lækjar og stortingsrepresentant for Hordaland KrF i åra 1977–85. Han var leiar i fleire organisasjonar, mellom andre Noregs mållag i åra 1965–70. Foto: Bjørn Sigurdson / NTB scanpix

Ei nynorsk røyst å minnast

Ingen nolevande nordmann tala nynorsk som Hans Olav Tungesvik. Tonefallet var frå Sunnhordland, og talen so tydeleg og klår at sjølv skodespelarar knapt kunne måla seg med han, sløva som dei oftast er av mikrofonen. Mikrofonen har vore til like stor skade for diksjonen som kulepenen for handskrifa.

Eg møtte aldri lækjaren og politikaren Hans Olav Tungesvik, men eg er blant dei mange som syrgjer når den milde røysta hans er tagna. «Åndsmenneske» er eit ord som er «utgått på dato», som det heiter på kjøpesentermål, men kvar gong eg hørde Tungesvik i radio eller fjernsyn, vart omgrepet levande att. Han var av dei som ikkje berre er kunnskapsrike og høgt kultiverte, men som utstrålar noko me med eit litt svevande, men dekkjande ord kallar *ånd*. Alt dei har levd og lese og tenkt, har samla seg i ein visdom som kan merkast. Dei er gode å vera i nærleiken av. Det er som å koma inn i eit kraftfelt der ein sjølv vert lyfta opp til eit høgare plan og skjønar litt meir, ser litt klårare.

Som ung mann opplevde eg dette sterkt i venskapen med pater Hallvard Rieber-Mohn. Eg fekk fylgja han heilt fram til den siste terskelen. Han hadde bak seg eit liv i aviser og bøker, han elska travle redaksjonar og lukta av trykksverte, men i sjukestova på Ullevål hadde han lagt alt dette bak seg. «Nå har jeg bare Kristus igjen», sa han i den siste sundagsstilla han fekk på jorda. Han sa det ikkje sårt og resignert, som Jakob Sandes «Jenta i veven», men trygt og tillitsfullt, lik ein mann som viste at han var komen dit han skulle.

Det vert sagt av kulturpesimistar at slike menneske er

ein utdøyande rase. Med all min vyrndad for pessimismen trur eg ikkje det er rett. Åndslivet har enno sine utmarker med friske kjelder bortanfor dei offisielle kunnskapsinstitusjonane og pensumlistene, og framleis finn einskilde unge menneske vegen dit. Me veit berre ikkje om det, for dei er ikkje etterspurde i våre felles rom. Men av dei eldre finst det mange i arkivopptak i NRK, og med all teknologien me no har, er det lett å finna dei.

Hans Olav Tungesvik fann eg att i ein Sangtime, eit program som vert sendt i radio kvar sundag morgon. Her var mannen slik me vil minnast han, mild i form og sterk i sak. Kvar setning i kommentarane hans til dikt og songar var som ei perle i nynorsk prosa. Han fortalde òg ein anekdote som kunne gå inn i boksoga. Då Kyrkje- og undervisningskomiteen i 1978 var på reise i USA, møtte dei norskamerikanarar i sjømannskyrkja i San Francisco. Tungesvik leia allsongen, og dei song mellom anna «Du skal ikkje sova burt sumarnatta». Etterpå kom ein framand mann i syttiåra og spurde om nokon visste kven dette diktet var skrive til. Det visste ingen.

– Det er skrive til meg! sa mannen.

Som 19–20-åring hadde han vore kjærast med Aslaug Laastad Lygre, og kvilt med henne «under dei lauvtunge tre». So fór han til sjøs, hamna i Amerika og kom aldri heim att. Aslaug vart gåande åleine resten av livet. Han hadde aldri gløymt henne. Eg tykte diktet vart endå vakrare etter denne vesle saga, dikta av livet sjølv. Og fortald av Hans Olav Tungesvik, det gode mennesket frå Sunnhordland og Europa.

KJELL ARILD POLLESTAD

Kampen om kunstsponsorar

Norske kunstmuseum er mellom dei dårlegaste i Europa på å skaffe midlar frå private sponsorar. Det lovar ikkje godt dersom det kjem kutt i statsbudsjettet.

KUNST

RONNY SPAANS
ronny@dagogtid.no

Då forfattaren Alf Larsen lanserte kulturtidsskriftet Janus for snart hundre år sidan og var på jakt etter finanskjelder, visste han kva han skulle gjera: Han sende ut tvangsabonnement til norske skipsreiarar. Dette var i mellomkrigstida, og norske reiarar hadde tent seg styrtrike på internasjonal skipsfrakt. Plikta om samfunnsnytte vog tungt på den gamle borgarskapen, og dette visste Alf Larsen å utnytte. Dei signerte Larsens tvangsabonnement.

Om enn ikkje så eksplisitt, galdt denne finansmodellen òg for store kunstinstitusjonar. Utan dei private donasjonane i byrjinga på førre hundreåret, mellom andre frå skipsreiarar, ville ikkje Nasjonalgalleriet vore det det er i dag.

Med dette utgangspunktet skulle kulturpolitikken til den blåblå regjeringa ikkje koma som ei overrasking: Sambandet mellom næringslivet og kulturlivet skal styrkjast. Det er hovudpunktet til den nye kulturmeldinga som regjeringa tok initiativ til i mai, og som skal handsamast i Stortinget våren 2019. Det er den fyrste kulturmeldinga på 14 år.

«Ettersom oljeinntektene nå reduseres, trenger vi nye økonomiske bein å stå på», varskudde kulturminister Linda Hofstad Helleland under presentasjonen av arbeid med ny kulturmelding 9. mai. Dei nye «beina» er sjølv-sagt auka kontakt med næringslivet.

Men som Dag og Tid viste førre veke, er dette ikkje så lett. Kulturposten på statsbudsjettet har auka år for år. I tillegg har interessa for finkultur, mellom anna kunstutstillingar, dala i same tidsromet.

«KUNST ER NOE JÅLERI»

Ein annan kontrast til auka kulturbudsjett er tala på pengar frå det private næringslivet til norske museum. Det er ikkje nett opplyftande. Det største museet i landet, Nasjonalgalleriet, hadde 0,4 millionar i sponsorinntekter i 2016, og året før var det verre: Då var det null. Gåver og donasjonar utgjorde 1,8 millionar i 2016, medan det var på 1,4 millionar i 2015. Vi kan jamføre med andre land. Frå januar til september i fjor hadde Moderna Museet motteke 9 millionar i gåver og donasjonar, melde Klassekampen i september i fjor.

Kvifor er det slik? Tala vil sjølv-sagt variere frå land til land, frå museum til museum. Sørlandets Kunstmuseum har ein heldig avtale med leiar av Hegdefondet, Nicolai Tangen, som kjøper kunst for 40 millionar i året som han så donerer til museet i Kristiansand.

Det står verre til i Trondheim kunstmuseum, som har Noregs tredje største offentlege kunstsamling. Adresseavisen hadde tidlegare i år ei sak på prent om fråværet av private pengar til kunsten i heimbyen. Der kom det fram at Trondheim Kunstmuseum i år ikkje har hatt ein einaste sponsor frå næringslivet. Det har gjort freistnader på å hente inn pengar, men utan å lukkast.

Kvifor er det slik, spurde avisa, og vende seg til ein av dei store pengemennene. «Jeg synes kunst er noe jåleri», sa Ivar Koteng til avisa. Koteng er ein av Noregs største egedomsinvestorar, og han har spytt inn store summar i andre kulturarrangement og i idrett i trønderbyen. Men Koteng er ikkje imot kunst; han nyanterte utsegna til avisa: Kunsten burde bli «satt inn i en sammenheng som var identitetsbyggende for oss trøndere».

Trondheim kunstmuseum

møter ikkje berre kritikk frå næringslivet, men også frå kunstnarar i trønderbyen. Dei meiner museet fører eit program som ikkje er interessant nok, og som dermed har gjort seg uinteressant andsynes publikummarar og investorar.

– BUDSJETTKUTT

Kvifor sviktar det norske næringslivet kunsten? Eg spør Anne-Britt Gran, professor og leiar ved BI Centre for Creative Industries.

– Noreg er ein ung nasjon, og vi har ikkje hatt same lange tradisjonane med mesenar som andre europeiske land, der fyrstar og kunstinteresserte aristokratar og kapitalistar har finansiert kunstnarar. Og samtidig har vi i nyare tid ikkje like mange og store fond som skyt inn pengar til kultur- og kunstprosjekt, som til dømes Carlsbergfondet i Danmark. Av store norske fond er det fyrst og fremst Friit Ord og sparebankstiftingane kunstnarar kan sende søknad om støtte til. I tillegg har staten stått for den store gjenoppbygginga av landet etter krigen, og då også på kulturens og kunstens område.

Gran meiner det sistnemnde ikkje berre har hatt heldige fylgjer; norske kunstnarar og kunstinstitusjonar har i for høg grad gjort seg avhengige av staten. Ho meiner det difor trengst ei kompetanseheving hjå kunstnarar og kunstinstitusjonar på den eine sida, og hjå det private næringslivet på hi sida.

– Noreg har vore skåna for dei store kutta i kulturbudsjettet som vi har sett i andre europeiske land dei seinare åra. Mange norske kunstnarar og kunstinstitusjonar tek for gjeve at staten skal rydde opp dersom dei kjem i økonomiske vanskar. Med ei meir uviss økonomisk framtid i Noreg må kulturlivet førebu seg på å finne fleire føter å stå på. Både kunstmuseum og kunstnarar kan bli nøydd til å skaffe seg meir private pengar via anten marknaden, bedrifts-sponsorar eller private mesenar.

– Men statens kulturpolitikk, Kulturloftet, har ført til større kulturbudsjett dei seinare åra.

– Ap, SV og SP vil føre vidare denne politikken. Men med reduserte inntekter frå oljenæringa kan staten likevel bli nøydd til å stramme inn. Her ligg utfor-

– Den norske kultursektoren har ingen plan B.

Anne-Britt Gran, professor og leiar ved BI Centre for Creative Industries

